

Verdsarvrådet for Bryggen
v/Hege Bakke-Alisøy
verdsarvkoordinator

Fylkesutval
v/Fylkeskonservator
Hordaland fylkeskommune

Bergen 04.04.2019

Jubileumsseminar 26.oktober i høve markering av Bryggen 40 år som verdsarv

Verdsarvrådet for Bryggen søker med dette Fylkesutvalet om kr 62 000,- (sekstiotusen) i støtte til jubileumsseminar i høve Bryggen si markering av 40 år som verdsarv laurdag 26.oktober.

Bryggen er saman med Urnes dei eldste verdsarvstadane i Noreg og blant de tidlegaste også sett internasjonalt. Det at Bryggen er verdsarv er godt kjent i Bergen, men det er litt mindre kunnskap knytt til kva verdsarv er og kva ein verdsarvstatus faktisk fører med seg. Jubileumsåret er såleis eit høve til å sjå på ulike måtar å formidle verdsarv og ideen bak verdsarv. Tanken er at dette året skal vere eit høve til å setje i gang prosjekt som kan få effekt langt utover sjølve jubileumsåret. Målsettinga er å styrkje det lokale eigarskapet for verdsarvstaden Bryggen og auke forståinga for kva ein verdsarvstatus fører med seg.

Sjølve innskrivingsdagen, 26.oktober skal markerast med eit populærvitskapeleg seminar på Bryggens Museum. Seminaret er eit samarbeid med Verdsarvrådet for Urnes stavkyrkje, Middelalderklynga ved Universitetet i Bergen og Bymuseet i Bergen. Seminaret skal markere starten på Mellomalderveka som Middelalderklynga arrangerer kvart år. Det vil være Verdsarvrådet for Urnes og Verdsarvrådet for Bryggen som er vertskap for seminaret. Seminaret vil slik og vere eit høve for det relativt nyetablerte Verdsarvrådet for Bryggen til å markere seg og bli litt med synlig i bybildet. Seminaret skal vere populærvitskapeleg og retta mot alle som måtte ynskje å kome. Det skal vere fri inngang for at seminaret skal vere eit lågterskeltilbod. Vi satsar på anerkjende formidlarar som både er høgt kvalifiserte fagfolk eller på andre måtar har god kunnskap om temaet, kombinert med at ein skal kunne treffe eit bredt publikum. Programmet er ikkje heilt fastlagt enno, men vi har så langt fått stadfesta deltaking frå Henning Laugerud, førsteamanuensis ved UiB, Gunnar Danbolt, prof.em. uib og Gunnar Staalesen, forfattar. Margrete Stang, leiar i Fortidsminneforeningen er og spurt. Vi har og fått tidlegmusikk-ensemblet Currentes til å bidra musikalsk.

I etterkant av seminaret skal det vere avduking av offisielle UNESCO-plakettar. Vi håper på ein brei offisiell representasjon til stades ved avdukinga, både riksantikvar Hanna Geiran og representantar

frå UNESCO Norge og Verdsarvsenteret i Paris. Det vil være en lunsj mellom seminaret og avdukinga for de spesielt inviterte gjestene.

Vi søker her støtte til sjølve seminar og har fylgjande budsjett:

Bryggen og Urnes 40 år som verdensarv - seminar	
	budsjett
seminar	
Currentes - musikalsk bidrag	30000
Gunnar Staalesen	6000
Gunnar Danbolt	6000
Henning Laugerud	6000
Margrethe Stang	6000
blomstar	1500
beverting - kaffi	2500
diverse utgifter (trykksaker, rollup)	4000
<u>sum</u>	<u>62000</u>

Ved spørsmål til søknaden kan verdsarvkoordinator Hege Bakke-Alisøy kontaktast, e-post Hege.bakke-alisoy@bergen.kommune.no eller telefon 40 80 33 74.

Venleg helsing

For Verdsarvrådet for Bryggen:

Hege Bakke-Alisøy,

Verdsarvkoordinator Bryggen